

Oddvar Skre

909 64 834

55 91 51 53

Kvernabekkvegen 72

5243 Fana

E-post: oddvar@nmvskre.no

Til Radøy kommune

v/ordførar Jon Askeland,

Radøyvegen 1690

5936 Manger

Frå arbeidsgruppe for Folkekultursenter:

Oddvar Skre, kontaktperson

Jon Eikemo

Emil André Erstad

Unn Catodotter Fyllingsnes

Øystein Rambjør

Framlegg til Folkekultursenter (Musikk, song og dans) for Nordhordland i Tjorehagen som del av eit breitt kultursenter for Nordhordland.

Me viser til arbeidet med å ta vare på kultursamlingane Olav R. Tjore tok initiativ til i eit planlagt allbygg/kulturbygg i Tjorehagen. Samlingane har fått stor anerkjenning frå museumsfeltet både i Hordaland - utanom Nordhordland - Osterøy, Bergen og Oslo m.a. etter fleire utstillingar. Hordamuseet har tidlegare sett opp ei vandreutstilling av tømrar- og snikkarverktøy til Osterøy museum og Voss folkemuseum. Bryggen museum har hatt ei utstilling av tømrarverkty frå samlingane. Osterøy museum har hatt ei brei utstilling av folkekunst. Det vert arbeidd med å få den utstillinga til New York og Iowa. OM opna og ei utstilling av dei reisandes handverkskultur 26. mai 2013. Det vert arbeidd med å finna ressursar til nye temautstillingar frå samlingane, m.a. i Bergen og Oslo og landsomfattande vandreutstillingar. Me ser fram til at dette også må verta tatt med i og gitt eit sakleg og demokratisk rom i museumsfeltet i Hordaland fylke.

Mange meiner at Nordhordland også har eit sterkt behov for ein samlings- og aktivitetssstad for **folkekultur** med musikk, song og dans som med tyngde og breidde kan ta vare på og henta fram denne historia og få nytt liv i aktivitetane. Mykje kan tala for å leggja dette til Tjorehagen. Det vil samspele med, styrkja og fylla ut tidlegare framlegg om eit allbygg/kulturhus for dei kulturhistoriske samlingane. Ei utbygging som føreslått av det botaniske feltet til å omfatta meir av kulturlandskapet og naturmiljøet i Nordhordland som det ligg svært godt til rette for, vil gje ein institusjon med vid og aktuell appell. Den botaniske delen kan gje grunnlag for formidling og forsking om miljøutfordringane som vert stadig meir synlege og

alvorlege også i Nordhordland.

Sentrale universitets- og museumsfolk meiner at ei utbygging av felta **folkekultur, folkekunst og botanisk samling frå Nordhordland**, og i tillegg samlingane av *dei reisandes* kultur, vil vera ei nyskaping og eit pionertiltak på museumsfeltet i Noreg, og gje grunnlag for viktig formidling og forsking. Samlingane inneheldt ca 600 kunst- og handverksarbeid av *dei reisande* (den norske etniske gruppa Romani) Dette er truleg ei av dei største samlingane i landet, også medrekna norske museum. Dette burde difor også gje rom for **eit senter for dei reisandes kultur i Tjorehagen.**

Dette er og i samsvar med politikken til regjeringa og Stortinget knytt til ratifiseringa av UNESCO-konvensjonen. Arbeidet og politikken på dette feltet må seiast å vera på etterskot. Museumsfeltet i Hordaland fylke og universitetet i Bergen og Hordaland vil kunna gjera ein innsats med å nytta ut samlingane av kulturen til dei reisande. Dette kan reisa arbeidet med å henta inn dokumentasjon av den immaterielle kulturen. Dette hastar det svært med for landsdelen.

Dette kan gje ein kraftfull og solid institusjon for historia og kulturen til Nordhordland som Nordhordland sårt framleis mangler 100 - 150 år etter den rike reisingstida for slike kulturelle institusjonar frå nasjonsbyggingstida i Noreg. Nordhordland har svært mykje å ta att. Og det hastar.

Me viser til dei svært omfattande og konkrete dokumentasjons- og formidlingsprosjekta av Arne Høyland som me heller ikkje kan sjå er tatt merkbart inn av museumsfeltet i fylket for Nordhordland.

Med hagen meinte Olav R. Tjore først og fremst å leggja eit grunnlag for ein vid kulturstad for Nordhordland. Han tok stille initiativ til dei kulturhistoriske samlingane for Nordhordland som er unike både i omfang og kvalitet og som Nordhordland, utanom Osterøy museum og dels Historisk museum har samla forsvinnande lite av og tatt svært lite vare på. Det er difor påkrevjande at Radøy kommune med styrke fremjar arbeidet med desse verdiane inn i museumsfeltet i fylket. Det er nå viktig for Radøy og Nordhordland å sikra og ta mot samlingane. Dei treng ein tung fagleg institusjon som Nordhordland i dag med unntak av Osterøy ikkje har. Mykje i samlingane vert rekna for "nasjonale klenodium" av våre største museum og fleire er ihuga etter å kjøpa dei, stilla dei ut, formidla dei og forska på dei, også i perspektiv til landsdelen. Det er vidare eit særmerke at samlingane er knytt nært opp til folks kvardagsliv i Nordhordland gjennom lange tider. Som eitt av fleire døme kan delar av samlinga t.d. visa lys og lysstell gjennom 1000 år i Hordaland og Nordhordland. Då kjem og byggjeskikken inn. Det er og viktig at eit slikt større kultursenter vil sikra hagen vidare liv. Me viser elles til dei tidlegare fagleg botaniske utspela om at området ville høva til å visa heile botanikken i Nordhordland. I tidlegare brev til kommunen er det halde fram at området i større grad kan vera ein del av Sæbø naturpark for natur og kulturverdiar, men at det krev reguleringstiltak og andre tiltak som det hastar med. Me kjenner oss trygge om at eit slikt breitt kultursenter vil vera godt i samsvar med statens overordna mål for framtidas museum, og at det difor vil gje grunnlag for økonomisk stønad frå staten.

Dette vil ikkje gå i vegen for planane i fleire kommunar om å ta vare på kystkulturen eller ønska om å få reist eit eige folkemuseum for Nordhordland, men kan vera eit av fleire samarbeidsgrunnlag som kan styrkja dette arbeidet. Ei utbygging av Tjorehagen treng ikkje venta på vedtak om regionmuseum eller samla folkemuseum for Nordhordland. Med unntak av Osterøy museum har ikkje Nordhordland i dag nokon institusjon som dekkjer verken folkekultur,

folkekunst, dei reisandes kultur, kulturlandskap eller botanikk med nødvendig breidde. Nordhordland kan endeleg få sin første institusjon som formidlar og tek vare på vår historiske kulturarv og identitet og som kan gje grunnlag for formidling og forsking også om samfunnet og samfunnsutviklinga. Med den raske globaliserte samfunnsutviklinga også i Nordhordland er det snart siste sjanse til å få tatt vare på og ført vidare historia og kulturen.

Det bør vera eit nært samarbeid med dei andre vernetiltaka for dei ulike folkeminna i Nordhordland i tillegg til Osterøy museum. Roparhaugsamlinga, Strilamuseet på Seim, Bogastovene, dei ulike båt- og sjømiljøa og andre folkeminner må tilgodesjåast i løysinga. Industrimiljøa må framhevest. Det må utgreiast om Kystmuseet i Øygarden kan vera ein modell for dei andre kommunane i ei regional løysing. Samarbeidet bør og i prinsippet ha med dei meir spesialiserte musea som Lyngheisenteret, Utvandrarbygga på Radøy, Krigsmuseet på Herdla og Bjørn West-museet på Matre. Men ikkje noko av dette arbeidet er grunn til å utsetja ei utbygging av Tjorehagen.

Lyngheisenteret og Utvandrarbygga har ikkje kulturhistoriske samlingar frå Nordhordland og er for spesielle til at det er naturleg at dei kan få forvaltaransvar med formidling, forsking og ivaretaking av dei kulturhistoriske samlingane etter Olav R. Tjore.

Ei forsvarleg tilrettelegging for samlingane i Tjorehagen kan vera med å skapa breidde i museumskonseptet slik også naturen og kulturen er i Nordhordland, frå havmannen i vest til fjellmannen i aust. Kommunane som bør vera med i eit slikt konsept er Osterøy, Vaksdal, Modalen, Masfjorden, Lindås, Radøy, Austrheim, Fedje, Meland og Gulen. Dette gjer også at fylkeskommunane må gå inn i eit felles samarbeid om museumsløysing for denne regionen.

Me trur at ei løysing som i skissa me legg fram vil vera open nok til å kunna unngå usemje og fastlåsing slik at ivaretakinga av natur- og kulturverdiane som er sentrale for Nordhordland endeleg kan skje etter hundreår med slumring og feiling.

Nordhordland og museumsfeltet i Hordaland har valgt først å satsa store ressursar på svært spesialiserte tiltak som Lynghei og Utvandrarbygga, og har late arbeidet med eit breitt historisk arbeid for natur- og kulturmuseum for folks liv i Nordhordland liggja ugjort. Mange fagfolk meiner at dette kan få preg av å vera i strid med museumspolitikken og museumsbygginga i Noreg.

Hordamuseet, Historisk museum i Bergen, Bryggen museum, Nasjonalgalleriet i Oslo, fleire handverkssenter m.a. på Voss, i Oppland og Hedmark, Noregs husflidslag m. fl. var alle raske til å oppdaga samlingane Olav R. Tjore tok initiativet til og dei kom med tilbod om samarbeid både på grunn av kvaliteten og historisk verdi. Me håper nå at Radøy kommune, Nordhordlandsommunane elles, museumsfeltet i Hordaland fylke og Hordaland fylke vil følgja i same sporet og tryggja samlingane for Nordhordland med forsvarleg forvalting, ivaretaking, formidling og forsking.

Det kan synast som Jon Fosse, som nå også har bustad på Frekhaug, i Syn og Segn 4/2013 stiller spørsmålet om strilekulturen er kua. Han seier at "..han mislikar sterkt at sjølv det lågaste av bergenskulturen skal vera betre enn det beste av strilekulturen".

Dei historiske føresetnadene for folkekulturen i Nordhordland og resten av Strilelandet er meisterleg skildra også av Torolv Solheim i "Ei strilekrønike". Denne samanhengen bør også synleggjerast på det planlagte folkekultursenteret i Tjorehagen.

Det trengst både eit knutepunkt, ein møtestad, eit samarbeidssenter og eit aktivitetssenter for folkekulturen i Nordhordland som kan samla dei friviljuge kreftene og samarbeida med det offentlege om offentleg opplæringsverksemd, med særleg vekt på barn og unge. Der dei har fått til slik samling av kreftene har det blitt mogeleg å få til lokale framsyningar, lokale turnear, prosjektet med Bygda dansar og turnear med Rikskonsertane og Den Kulturelle Skulesekken.

Gjennom å samla ressursane i folkekulturarbeidet er det vist på fleire stader på Austlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg at det går lettare å utarbeida tiltak bl.a. retta mot kulturskulen med kurs i fele, dans og song og å få til ny rekruttering. Skal samarbeid mellom kulturskulane og det frivillige musikk- song- og danselivet reisast og styrkjast må det dyrkast systematisk. Då trengst eit sterkt senter i Nordhordland.

I Nordhordland finst det ein skatt av folkemusikk, folkedans og folkesong som er lite kjent. Jf. Arne Bjørndal samling.

Å læra barn og unge om sine lokale røter av folkemusikk, folkedans og folkesong må vera eitt viktig mål med folkekultursenteret.

Det må vera eit mål å auka kjennskapen til vår eigen kultur og historie og å skapa ung glede. Musikaren, dansaren, folkekulturorganisatoren og folkekulturbedragene Marianne Thomasgård seier at å ha kjennskap til eigen kultur og historie seier noko om kven vi er, og at kulturell identitet er viktig ballast når eit ungt menneske skal ut av bygda eller bydelen og ut i verda. Marianne Thomasgård seier vidare at det er vel ingen tvil om at det å dansa, syngja og spela saman skaper glede og stimulerer både kropp og sinn. Det skaper felles opplevelingar, tryggleik og glede, og varige vennskapsband.

Historikaren Kåre Lunden har skrive at kjennskap til historia trengst for både å forstå seg sjøl og for å forstå samtid og tankar om kvar framtida er på veg.

Nordhordland har ein rik historisk folkekultur men har ikkje hatt institusjonar til å føra den vidare. Den folkelege tidlege tradisjonen må ha vore rik, den gav avgjerande impulsar til Ole Bull, Edvard Grieg m.fl. Arne Bjørndal frå Lindås var både stor musikar og stor samlar av folkemusikk og folkesong som det er viktig å hindra vert gløymd. Folkedansinstruktøren Rasmus Hvidsten frå Kviste på Radøy gjorde ein livslang innsats. Det har kome fram fleire som kan føra arbeidet vidare, men då treng dei varige institusjonar og stønad. Springaren frå Masfjorden er nyleg blitt henta fram. Einar Mjølsnes har spela inn slåttar og spel frå Nordhordland som var i ferd med å verta gløymde. Det har kome opp songarar og dansarar. Manger folkehøgskule vil kunna gjera ein innsats men treng samarbeidspartnarar. Eit Folkkultursenter i eit breitt og nærliggjande kultursenter og Manger folkehøgskule vil styrkja kvarandre, slik at Manger folkehøgskule kan makta å halda oppe ei folkedanslina.

Men alt dette arbeidet treng eit krafttak. Eit breitt folkekultursenter vil tryggja denne nyskapinga. Det trengst eit tungt regionalt senter. Me trur at særleg Manger folkehøgskule vil kunna henta krefter frå eit sterkt senter og i nært samarbeid med dette. Det vil kunna gå inn i eit nært samspel med Arne Bjørndals Samling ved U i B, Ole Bull Akademiet på Voss, dei rike folkekulturmiljøa på Osterøy og Osterøy museum. Vidare vil eit slikt senter kunna verta ein samarbeidspartnar og områderepresentant for Noregs ungdomslag og Folkorg.

Ein institusjon i eit allbygg/kulturhus i Tjorehagen vil liggja svært sentralt for heile Nordhordland. Det vil liggja nær ved den ytre kystvegen på Vestlandet. Det er rom for utvidingar og staden har alt ein solid infrastruktur.

Det ligg til rette for å verta ein samlande kulturstad for Nordhordaland. Både ein samlande møtestad og eit aktivitetssenter, men like mykje eit utgangspunkt for skaping og spreiing av aktivitetar til heile Nordhordland.

Rekrutteringa til musikk, dans og song og nyskaping av ringar og lag og aktivitet i heile Nordhordland må vera noko av det viktigaste. Kurs, formidling og rekruttering må vera ein viktig del av aktiviteten på senteret, men spreiing av aktiviteten over heile Nordhordland må stå like sentralt.

Eit slikt senter kan gje nok tyngde til opplevingar, fritidsaktivitetar, reisemål, nyskaping, formidling og forsking. Det vil kunna nyttast til

- samarbeid med næringslivet som kan gje grunnlag for tilskott frå bedrifter, særleg innan miljø og reiseliv,
- auka reiseliv til Nordhordland,
- opplevingar og fritidsaktivitetar for regionen, særleg for barn, unge og familiar m.a.
- arbeidsplassar for opplæring, kurs, formidling, forsking og andre aktivitetar,
- samarbeid med skulane,
- tilbod til dei unge også i yrkesfagleg utdanning,
- samarbeid om det friviljuge arbeidet i Nordhordland, særleg for elevane og dei unge og om miljøspørsmåla,
- samarbeid med kulturskulen om dei påtenkte aktivitetane.

Me oppmodar Radøy kommune til å setja i gong vidare utgreiing og stå for kontakten med dei andre kommunane i Nordhordland, Regionrådet, museumsfeltet i Hordaland og Bergen, Hordaland fylke, Sogn og Fjordane fylke, Kulturrådet og Kulturdepartementet.

Dette opplegget er utarbeidd i samarbeid med folk, institusjonar og organisasjonar på alle dei fire felta folkekultur, folkekunst, botanikk og dei reisandes kultur. Ein del av dei som står dette arbeidet er vist nedanfor. Men berre arbeidsgruppa står ansvarleg for framstillinga.

Alversund, 20. juni 2014

For Arbeidsgruppa for Folkekultursenter for Nordhordland:

Oddvar Skre (Sign)